

Arbeidsplan for Rogaland SV i 2025

Vedtatt på årsmøtet 15.-16. februar 2025

Innhold

Innleiing	2
Overordna mål for Rogaland SV 2025 - 2029	2
Del 1. Valkampen 2025	3
1.1. Utgangspunktet.....	3
1.2. Mål for valkampen.....	3
1.3. Politisk strategi og hovudsaker	4
1.4. Gjennomføring av valkampen	6
Del 2. Politisk strategi.....	9
Mål	9
Tiltak	9
Del 3. Organisatorisk strategi	10
Mål	10
Tiltak	10
Arrangementsoversikt.....	12

Innleiing

Arbeidsplanen gjeld for heile Rogaland SV. Både lokallaga og fylkesstyret har ansvar for gjennomføring av planen. Representantskapet skal derfor ha gjennomføring av arbeidsplanen som ei sak på alle møta i løpet av året.

Arbeidsplanen skisserer først nokre langsiktige mål for dei neste fem åra. Resten av planen er ei konkretisering av mål og tiltak i 2025. Valkampstrategien er skilt ut som ein eigen del, og dei to andre delane dekkar arbeid som ikkje er direkte knytt til valkampen.

Arbeidet for å gjera eit best mogleg stortingsval skal gå hand i hand med å styrka lokallaga, få fleire aktive medlemmer og ei større breidde blant medlemmene og driva politikkutvikling. Grunntanken i alt politisk arbeid skal vera å skapa oppslutning om venstresida sine idear, og samtidig bygga dei politiske løysingane våre på "rogalandsk grunn": tilpassa dei utfordringane folk møter i kvardagen og i lokalsamfunna her i Rogaland

Arbeidet i 2025 har slik eit langsiktig mål: Å flytta fram SVs posisjonar både politisk og organisatorisk, slik at me rustar oss til å møta dei store utfordringane i vår tid: Ulikheitskrisa, miljøkrisa og demokratikrisa.

Overordna mål for Rogaland SV 2025 - 2029

- SV skal vera eit folkeparti, med høg oppslutning i heile fylket, i både byar og i distrikta, blant både kvinner og menn, og i både arbeidarklassen og middelklassen.
- SV skal vera ein naturleg alliert for alle som engasjerer seg for sosial rettferd, miljø og folkestyre i lokalsamfunna sine.
- SV skal ha eit tett samarbeid med fagrørsla og interesseorganisasjonar, og ha mange faglege tillitsvalde som aktive medlemmer i partiet.
- Me skal ha lokallag i minst 20 av dei 23 kommunane i fylket, og eit studentlag ved UiS.
- Rogaland SV skal ha 1400 medlemmer i 2029.
- Me skal ha vidare framgang ved stortingsvalet i 2025 og lokalvalet i 2027.
- SV skal stilla lister i 20 kommunar i 2027, og ha folkevalde i desse kommunane etter valet.

Del 1. Valkampen 2025

1.1. Utgangspunktet

Før stortingsvalet for fire år sidan såg me eit tydeleg ønske om ein ny kurs for landet etter åtte år med høgreregjering. Valresultatet gav eit sterkt mandat for miljø, utjamning, arbeid og velferd i heile landet, med eit sterkt raudgrønt fleirtal i det nye Stortinget. Likevel har ikkje regjeringa evna eller ønska å bruka dette fleirtalet til å snu samfunnsutviklinga.

Forskjellane i makt og rikdom har halde fram med å auka, og me er ikkje i nærleiken av å løysa klima- og naturkrisa. Prisane på straum og bustader blir framleis styrt av marknad og børs, ikkje av demokratiet. Dyrtida har slått hardast ut for dei som hadde minst frå før. Gardsbruk blir lagt ned i raskt tempo, retten til å fiska er framleis konsentrert på få og kapitalsterke hender, og kraftforedlande industri går usikre tider i møte. Vår felles velferd blir svekka bit for bit.

Gapet mellom forventningar og verkelegheit gjer at mange folk er skuffa. Dei ser seg om etter alternativ eller gir opp trua på at endring til det betre er mogleg. Tendensen er den same i Noreg som i andre land: Ytre høgre styrkar seg når sosialdemokratiet ikkje er sosialdemokrati lenger. Samtidig aukar avstanden mellom dei styrte og dei styrande, og mange kjenner seg stadig meir avmektige. Ønsket om forandring er stort, men tilliten til staten, media og politikken er tynnslit.

SV er forandringspartiet. Frå opposisjon har me forhandla fram gode resultat for folk og miljø. Me har vist at tida for å bygga ut velferda ikkje er forbi, me har kjempa fram inntektsauke til mange av dei gruppene som har minst, og me har fått viktige gjennomslag for miljøet. Det gir også håp om at større endringar er mogleg.

SV har nå moglegheiter til å ta nye steg. Me får fleire medlemmer og er i ferd med å bli eit mellomstort parti i oppslutning. Samtidig treng me å styrka truverdet vårt på sentrale felt for å kunna få ein endå større framgang.

Stortingsvalet i 2025 bør ikkje vera eit val om kor raskt eller sakte landet skal gå i feil retning. Stortingsvalet bør gi landet ei ny politisk retning. Som det einaste verkeleg raudgrøne partiet, og saman med gode allierte utanfor dei folkevalde organa, er det eit ansvar SV skal ta.

1.2. Mål for valkampen

- Rogaland SV skal få eit direktemandat på Stortinget.
- Me skal auka oppslutninga vår samanlikna med valet i 2021.
- Me skal etablera oss som eit mellomstort parti med truverd på fleire område og i breiare lag av folket.

- Me skal vera synlege i mange lokalsamfunn, og ha aktivitet i minst 20 kommunar.
- Me skal ha mange aktive medlemmer som deltar i valkampen.
- Me skal vera synlege i redaktørstyrte medium og på ulike digitale plattformar.
- Me skal bli oppfatta som både jordnære, saklege og godt førebudde, og samtidig uhøgtidlege, radikale og uredde.

1.3. Politisk strategi og hovudsaker

Rogaland SV skal bruka valkampen både til å markera gjenkjennelege SV-saker under overskriftene miljø, fordeling og solidaritet, og samtidig etablera oss på viktige saksfelt der me har vore mindre markerte tidlegare. Rogaland er eit sterkt industri- og næringsfylke, og me skal særleg styrka truverdet vårt i industri- og næringspolitikken.

Alliansebygging og samarbeid med organisasjonar som står oss nær er ein sentral del av den politiske strategien. SV skal lytta til innbyggjarar og organisasjonar for å betre forstå folk sin kvardag og dei utfordringane folk i Rogaland er opptatt av. Den politiske strategien skal vera tilpassa rogalandsk verkelegheit.

Situasjonen i dei ulike delane av fylket er ikkje lik. Naturressursar, næringsliv, tenestetilbod og kultur varierer. Rogaland SV skal vera tett på dei ulike lokalsamfunna, og me skal utvikla regionalt tilpassa strategiar som tar opp i seg dei lokale særtrekka og utfordringane. Samtidig er det nokon saksfelt som bør gå igjen over heile fylket.

Dei prioriterte saksfelta, med eksempel på konkretiseringar, er:

1. Kontroll over krafta: I staden for dagens regime med import av høge straumprisar, risiko for industridød og press for nedbygging av natur, vil me prioritera krafta til samfunnsnyttige formål og sikra prisar som industrien kan leva med. Noreg skal framleis vera ein avansert industrinasjon, ikkje ein råvareleverandør.

2. Ta vare på livsgrunnlaget: Vern av natur og dyrka mark, og kutt i klimautslepp. Nei til vindkraft på land, nye store motorvegar og ulike areal- og kraftslukande verksemder. Ja til betre kollektivtransport både på sjø og land. Me vil også arbeide for høgfartstog over Haukelisundet.

3. Grøn og rettferdig verdiskaping: Omstilling til nye industriarbeidsplassar i tillegg til den eksisterande fastlandsindustrien. Kamp mot lausarbeidarsamfunnet og bemanningsbyrå. Heile og faste stillingar. Matproduksjon på lokale ressursar, og ei inntekt bonden kan leva av.

4. Forsvar velferdsstaten: Erstattar helseføretaka med folkevald styring av sjukehusa. Auka velferdsytingar til folk som står utanfor arbeidslivet. Forsvara sjukelønna. Styrka fellesskulen og velferdstenester der folk bur. Ein sosial bustadpolitikk. Auka bemanning og mindre detaljstyring.

5. Mindre fattigdom og forskjellar - ja til sosial bustadpolitikk: Talet på ungjar som veks opp i fattigdom er for høgt, forskjellane i makt og rikdom aukar og me har ein bustadpolitikk som gjer det vanskeleg for unge å kjøpa seg bustad. For SV er kampen mot fattigdom og forskjellar og for ein rettferdig bustadpolitikk viktig.

6. Solidaritet: Eit inkluderande samfunn utan diskriminering og med rom for å vera ulike. Internasjonal solidaritet, fred og ein menneskeleg flyktningpolitikk.

7. Gode og trygge lokalsamfunn i heile Rogaland: Eit variert nærings- og arbeidsliv basert på lokale ressursar og kunnskap. Desentralisera makt, arbeidsplassar og velferdstenester. Rassikre vegar i distrikta framfor nye, dyre motorvegar. Trygg oppvekst for barn og unge, ved å styrka barnehage, skule og fritidstilbod, og motarbeida ungdomskriminalitet.

Rogaland SVs valkamp skal byggast på det folkelege engasjementet som allereie finst. Vår rolle skal vera å delta i, støtta opp om og representera grupper som deler våre mål, og som i motsetning til privilegerte elitar ikkje har tilgang på store ressursar for å få gjennomslag.

Grupper av folk me bør styrka kontakten med er:

a. Fagorganiserte og fagleg tillitsvalde, både i privat og offentleg sektor. Mykje av kampen om samfunnsmakta står i arbeidslivet. Fagrørsla organiserer mange av dei som ønskjer demokratisk styring av samfunnsutviklinga og sterke fellesskapsløysingar.

b. Naturvernaraar. Stadig fleire reagerer på nedbygginga av naturen. Dette kjem tydeleg til uttrykk i motstanden mot vindkraft på land, men også lokale kampar mot gruvedrift, datasenter og nye motorvegar. For ein del av desse er naturvernet avgjerande for partivalet.

c. Folk som engasjerer seg for lokalsamfunna sine. Nedlegging av tenestetilbod, sentralisering av arbeidsplassar, truslar mot bumiljøet og forslag om arealkrevjande verksemder skaper sterkt engasjement i mange lokalsamfunn. Både i byane og på bygda kjempar folk for livskvaliteten og dei lokale fellesskapa.

d. Minoritetsgrupper. Det er for mange med minoritetsbakgrunn som ikkje nyttar røysteretten og deltek i demokratiet. For SV er det eit sjølvstendig poeng å mobilisera

fleire med minoritetsbakgrunn til å stemma, og samtidig arbeida for at flest mogleg skal røysta SV.

e. Ungdom og unge vaksne. Ungdom er ei variert gruppe i alder og livssituasjon. Somme er i arbeid og andre under utdanning. Mange opplever eit sterkt press for å vera «perfekte», og kjenner ekstra på einsemrd og avmakt. Samtidig er ungdom ei viktig drivkraft for radikale samfunnsendringar.

SV er eit parti for dei mange, ikkje for dei få. Det skal vera tydeleg i måten me kommuniserer på og korleis me vil bli oppfatta. SV sparkar alltid oppover, og ikkje nedover. Me er vanlege folk med vanlege jobbar og interesser. I tillegg er me engasjerte, både i dei kvardagsnære sakene og dei store spørsmåla i vår tid, og me vil ha fleire med på å ta kampen. SV kjempar mot flytting av makt til dei lukka styreromma og møteromma. Me vil at folk flest skal kunna delta og påverka avgjerder som angår dei.

SVarar har ingen politiske ambisjonar for vår eigen del. Me er politisk aktive for å påverka samfunnsutviklinga, og ikkje for å skapa oss ei karriere. SV møter folk med respekt. Me skal vera godt førebudde, og vita kven me snakkar med. SV er jordnære og lite sjølvhøgtidlege. Me har ikkje dyre reklamebyrå til å laga materiell eller politisk retorikk for oss. Me kan også bli forbanna når det trengst, og tør å stå åleine der andre parti feigar ut. Me veit at det trengst radikale endringar i møtet med dei store krisene i vår tid, og at maktforholda må endrast. Då er ikkje moralske peikefingrar eller detaljerte skrivebordsplanar svaret, men organisert politisk kamp. **SV står for folkemakt mot pengemakt.**

1.4. Gjennomføring av valkampen

Rogaland SV sin valkamp skal vera eit lagarbeid der flest mogleg deltar og kan finna meiningsfulle oppdrag. Me skal vera kreative og finna nye måtar å koma i dialog med folk. Den direkte kontakten med kvar enkelt innbyggar er den viktigaste og mest effektive måten å vinna fleire over på vår side i samfunnskampen, og på å stemma SV.

Me skal bruka og styrka organisasjonen: 17 lokallag og snart 1100 medlemmer er vår viktigaste ressurs. Lokallaga har ansvar for å kontakta alle medlemmene og spørja kva dei vil bidra med. Kvar enkelt skal kunna ta i bruk nettverka sine i lokalsamfunnet, på jobb og i organisasjonar. Gjennom skulering skal me gi medlemmene sjølvtillit på å kunna ta praten med folk dei kjenner. Me skal også bruka valkampen til å rekruttera nye medlemmer og invitera fleire med i partiarbeidet. Me skal visa at medlemskap gir moglegheiter til å påverka samfunnsutviklinga.

Me skal ha ein kultur der frivillige blir verdsett og får tydelege roller: I løpet av våren skal det vera fysiske og digitale valkampsamlingar der me går gjennom politiske hovudsaker og den praktiske gjennomføringa av valkampen. Målet er at mange medlemmer skal få dei reiskapane dei treng for å bidra. Dei som gjer ein frivillig innsats skal bli sett og takka.

Me skal ha direkte kontakt med flest mogleg veljarar: Stemmebudsjettet gir kvart lokallag ei peiling på kor mange veljarar me må ha i kvar kommune. I dialog med kvart enkelt lokallag skal me bruka ulike metodar for direkte kontakt, som husbesøk, arbeidsplassbesøk og ringesentral.

Me skal bygga alliansar med fagrørsla og andre organisasjonar: Me skal både ha direkte møte og opne innspelsmøte med prioriterte organisasjonar, og så mange som mogleg ut over det. Me skal delta aktivt i samarbeid på raudgrøn side i regi av LO Rogaland.

Me skal vera synlege i media: Kandidatane og lokallaga skal jobba med utspel i media og markera oss i saker som er viktige for SV på radio, aviser og lokal-TV. Det skal skrivast lesarinnlegg og kronikkar.

Me skal føra ein offensiv digital valkamp: Rogaland SV og kandidatane skal vera synlege på ulike sosiale medium, med ein profil i tråd med valkampstrategien og tilpassa den enkelte. Me skal også ta i bruk ulike digitale møteplassar for å møta veljarar, gjennom digital stand, digitale lokale/regionale opne møte, og digitale temamøte.

Me skal ha tilgjengelege toppkandidatar: Toppkandidatane skal prioritera samarbeid med lokallaga og ha særleg ansvar for ulike regionar og saksfelt, med tilhøyrande allierte organisasjonar.

Me skal ha eigenprodusert valmateriell: Ein enkel brosjyre skal sendast til alle husstandar i fylket før førehandsrøystinga startar. Me skal også ha anna fysisk og digitalt materiell på prioriterte saker.

Me skal ha eigne grupper som skriv innlegg og er aktive på sosiale medium: Medlemmer som ønskjer å bidra med skriving til aviser og på sosiale medium skal få tilbod om opplæring i dette. Ein eller fleire ansvarlege i valkampgruppa skal leia arbeidet. Det er behov for folk både til lesarinnlegg, tekstar til sosiale medium og deling og kommentering.

Me skal ha ei satsing på ungdom: I samarbeid med SU skal me setta ungdomssaker på dagsorden. Me skal også støtta Rogaland SU med å starta nye SU-lag og gjennomføra skulevalkampen.

Me skal ha eit valkamputval med ansvar for å konkretisera og koordinera valkampen. Fylkesårsmøtet vel valkamputvalet. Utvalet fordeler oppgåver seg imellom og tar dag til dag-avgjerdene om medieutspel, deltaking på arrangement og liknande innanfor dei rammene årsmøtet, representantskapet og fylkesstyret set.

Del 2. Politisk strategi

SVs rolle som raudgrønt forandringsparti skal brukast til både å oppnå konkrete forbetringar i folk sin kvardag, og samtidig utfordra marknadsmakta med systemendringar. Me vil vera i dialog med innbyggjarar og organisasjonar i fylket, slik at me både forstår meir og kan få meir gjennomslag. Me skal vera tett på lokalsamfunna og samtidig sjå dei store samanhengane.

Mål

- Vidareutvikla SVs politikk og få høgare truverd blant folk i fylket på omstillinga til ein grøn og rettferdig økonomi.
- Ha sterke band til organisasjonar og miljø som står oss nær, med særleg vekt på fagrørsla og miljørørsla.
- Styrka tillitsvalde og medlemmer sin kjennskap til og forståing av SV sin ideologi og aktuelle politiske tema.

Tiltak

- Vera tydeleg til stades i folkelege mobiliseringar og engasjement i lokalsamfunn over heile fylket.
- Styrka og vidareutvikla samarbeidet med fagrørsla, miljørørsla, Nei til EU, fredsrørsla og andre organisasjonar som står oss nær. Laga samarbeidsavtalar og/eller delta på kvarandre sine møte.
- Bruka kvinnedagen 8. mars, arbeidardagen 1. mai, verdas miljødag 5. juni, dagen for atomvåpenforbod 26. september og dagen for personar med nedsett funksjonsevne 3. desember til å markera SVs politikk på dei aktuelle områda.
- Bruka tradisjonelle medium og sosiale medium målretta for å nå ut til medlemmer og potensielle veljarar. Heva kvaliteten på det som blir lagt ut på sosiale medium, med større del eigenproduserte saker med eit tydeleg politisk bodskap.
- Ha gode politiske diskusjonar på representantskapsmøta og gjera fleire politiske vedtak der.
- Gjennomføra møte både i lokallaga med fokus på ideologi, aktuelle politiske tema og praktiske øvingar.

Del 3. Organisatorisk strategi

Rogaland SV skal stå sterke ved utgangen av året enn ved starten. Fylkesstyret og representantskapet skal i løpet av året konkretisera og følge opp måla og tiltaka i denne planen. Strategien har som grunnprinsipp at alt arbeid er lokalt og må vera lokalt tilpassa, og skal legga til rette for at medlemmer og lokallag kan utveksla idear og erfaringar med kvarandre.

Mål

- 1200 medlemmer ved årsslutt.
- Verva 176 nye medlemmer i løpet av året.
- Sterkare lokallag, som er synlege politiske aktørar i lokalsamfunna, og med godt fungerande styre.
- Lokallag i minst 18 kommunar og eit studentlag ved UiS.
- Fleire aktive medlemmer som kjenner og er stolte ambassadørar for SV i lokalsamfunna sine, og som veit korleis dei kan engasjera seg i partiet.
- Større mangfald i bakgrunn blant medlemmene, for eksempel med minoritetsbakgrunn og nedsett funksjonsevne. Fleire fagleg tillitsvalde og fleire studentar som medlemmer.
- Sterkare kontakt mellom fylkesstyret og lokallaga, mellom lokallaga og mellom dei folkevalde i kommunar og på fylkestinget.
- Sterkare økonomi i fylkeslaget.

Tiltak

- Bruka alle representantskapsmøta til å diskutera og planlegga organisasjonsbygginga.
- Driva verpearbeid gjennom heile året.
- Ringa alle nye medlemmer og ønska dei velkomen til SV. Lokallaga har hovudansvaret for medlemsoppfølginga, med støtte frå fylkeslaget.
- Ringa alle medlemmer som ikkje har betalt kontingensten i oktober/november.
- Ha opplæring for styremedlemmer i lokallaga på samlingar i løpet av våren
- Setta av tid til skulering i ei eller anna form på medlemsmøta.
- Fortsetta med dialogmøte mellom lokallagsstyre og fylkesstyret.

- Laga ein kort introduksjons-video som blir sendt til alle nye medlemmer. Videoen skal formidla grunnleggande SV-verdiar og fortelja litt om SV som organisasjon.
- Laga ein kort video retta mot dei som vurderer å verte medlem.
- Starta minst eitt nytt lokallag.
- Jobba systematisk med å inkludera (nye) medlemmer og gjera terskelen for å engasjera seg i SV lågare. I dette arbeidet må me mellom anna sjå kritisk på eigen kultur og språkbruk som kan halda potensielle (aktive) medlemmer på avstand.
- Arrangera haustkonferanse.
- Ha ein eigen vervekampanje retta mot fagleg tillitsvalde.
- Ha lokallagskontaktar i fylkesstyret som har ansvar for jamleg kontakt med lokallaga.
- Arrangera ei folkevaldsamling for alle folkevalde
- Legga til rette for samarbeid og erfaringsutveksling mellom dei folkevalde, mellom anna gjennom ei eiga gruppe på Facebook. Samarbeidsformer skal vera tema på folkevaldsamlinga. Alle nye gruppeleiarar skal kunna ha ein fadder som er ein erfaren folkevald.
- Få fleire medlemmer til å bli faste givarar til Rogaland SV.
- Samarbeida med SU.

Arrangementsoversikt

15. februar	Representantskapsmøte
15.-16. februar	Fylkesårsmøte
1.mars	Delegasjonsmøte, frist endringsforslag landsmøte er 3. mars
2.mars	Styresamling med Vestland
4. mars	Landsstyremøte digitalt
8. mars	Kvinnedagen
9. mars	Delegasjonsmøte
13. mars	Landsstyremøte
14.-16. mars	Landsmøte
26.mars	Lokallagskonferanse nord
27.mars	Lokallagskonferanse sør
1.mai	Arbeidardagen
2.mai	Kandidatsamling
3.mai	Valkampsamling
14.mai?	Representantskapsmøte nettmøte?
23.-24. mai	Landsstyremøte
5.juni	Miljødagen
20.juni	Flyktningedagen
10. august	Førehandsstemming opnar
8. september	Valldagen
13. september	Representantskapsmøte
19.-20.september	Landsstyremøte
26.september	Dagen for atomvåpenforbodet
25.oktober	Haustkonferanse
15. november	Representantskapsmøte
21.-22. november	Landsstyremøte
3.desember	Dagen for personar med nedsett funksjonsevne

2026	
10. januar	Representantskapsmøte
16.-17.januar 2026	Landsstyremøte
14. og 15. februar	Fylkesårsmøte